



Årsrapport studier 2016

Institutt for geofag, Universitetet i Oslo

Innhald

1. INNLEING	3
2. UNDERVISNING OG STUDENTAR.....	3
Studier; Bachelor- og master.....	3
BSc og MSc studia; Studiepoeng og gjennomføring.....	4
Gjennomsnittskarakter for nokre utvalte emner.....	5
Studiekvalitet målt i det nasjonale Studiebarometeret	6
Sluttevaluering av emner som gjekk haust 2016	7
Internasjonalisering/Utveksling	8
3. ANNA UNDERVISNING VED INSTITUTTET	9
Geofag i skolen: Etter- og vidareutdanning (EVU) og Skulelab	9
Studier/Forskarlinja (ph.d.)	9
Nasjonale forskarskular/Forskarlinja (ph.d.)	10
4. KVALITETSARBEIDET VED INSTITUTT FOR GEOFAG.....	11
5. UTVIKLING STUDIEKVALITET, FREMTIDEN OG MULIGE TILTAK FOR FORBEDRING AV STUDIEPROGRAMMET.....	11
6. REFERANSAR / LENKER / VEDLEGG	13

1. INNLEING

Denne rapporten omhandlar kvalitetssikring av undervisinga ved Institutt for geofag som er gjort i 2016. For åra 2013 til 2015 finnes det korte statusrapportar om studier og undervisning i instituttets årsrapportar. Sjå derfor instituttets årsrapportar for ein kort rapport om studia for 2013, 2014, og 2015 på våre websider, URL: <http://www.mn.uio.no/geo/om/strategi/arsrapporter/>

I instituttets årsrapport har me blant anna sett på resultat frå nasjonal evaluering av studiekvalitet - Studiebarometeret. Studiebarometeret viser tal frå 2013, då evalueringane starta. Vi anser resultat frå Studiebarometeret som ein god indikator på kvalitet i studia våre, då denne går systematisk til bachelorstudentar på 3. semester, og til 2. års studentar på masterprogrammet.

Når det gjeld sikring av kvalitet på emnenivå er denne ikkje samla saman og satt inn i ein samanheng på instituttnivå, men er gjort enkeltvis av ansvarlege på emnenivå. Eigne rutinar for kvalitetssikring på emnenivå, blei vedtatt hausten 2015 av vårt Program- og Undervisningsutval ¹(PUU). Rutinane er lagt ut på web på «For ansatte» sider, med URL: <http://www.uio.no/for-ansatte/arbeidsstotte/sta/kvalitetssystem/mn/geo/>

2. UNDERVISNING OG STUDENTAR

Studier; Bachelor- og master

Institutt for geofag har eit breidt studietilbud og dekker dei fleste av geofaga, og vi har landets breiaste tilbud i studier i geofag på universitetsnivå. Vi har eit 3-årig bachelorprogram i **Geofag: geologi, geofysikk og geografi** med 2 studieretningar, og eit 2-årig masterprogram i **Geosciences** med fleire studieretningar. Instituttet deltek og i eit bachelorprogram som administrativt ligg på Fysisk institutt; **Fysikk, astronomi og meteorologi (FAM)**, der vi har studieretninga Meteorologi og oseanografi i dette programmet.

Studentane på bachelorprogrammet i Geofag: geologi, geofysikk og geografi kan velja studieretningar etter interesse, anten **Geologi og geofysikk** eller **Geografi og hydrologi**. På bachelorprogrammet i Fysikk, astronomi og meteorologi (FAM) kan dei velja studieretninga **Meteorologi og oseanografi**.

¹ Programstyrene for bachelor- og masterprogramet er slått saman for å forenkla saksbehandling i eit Program- og Undervisningsutval (PUU). Leiar er Utdanningsleiar. PUU møtes jamleg. PUU er samansatt av medlemmer i kraft av å inneha en funksjon eller dei er frå NHM som også bidrar i vår undervisning. PUUs mandat og medlemmer finnes på nettsidene: URL: <http://www.mn.uio.no/geo/om/organisasjon/programrad/>

På masterprogrammet i **Geosciences** vart studieretninga Environmental Geology and Geohazards delt i to i 2015, og tal på studieretningar auka frå 6 til 7. Masterprogrammet i Geosciences har desse studieretningane:

- Environmental Geosciences
- Geohazards
- Geology
- Geophysics
- Meteorology and Oceanography
- Petroleum geology and Petroleum geophysics
- Physical Geography, Hydrology and Geomatics

All undervising ved Instituttet vert gjort i emner, og emneporteføljen består hovudsakleg av emner på 10 studiepoeng (SP), og nokre 5 SP emner på MSc og PhD nivå. Emna inngår i studieløp på studieprogramma, men kan også tas som frittstående enkeltemner og valfrie emner. Sjå liste for emner på lågare/høgare grad og ph.d. nivå: URL: <http://www.uio.no/studier/emner/matnat/geofag/> Eller sjå vedlegg 1.

I tillegg til undervising i våre emner bidrar vitenskaplige ansatte i arbeidet med veiledning på bachelor, master og ph.d. nivå.



Studentar på Frederikke plassen ein fin sommardag i august. Foto: Institutt for geofag, GK.

BSc og MSc studia; Studiepoeng og gjennomføring

Arbeidsmengda for eit semester er normert til 30 SP, for heile året 60 SP. Studentar som ikkje har normal studieprogresjon har det av forskjellige grunnar; deltidsstudium, sjukdom, permisjon, og upårekna forhold. Våre studentar har studiepoengsproduksjon som er høg og dei gjennomfører raskare enn ved mange andre studiar på MAT-NAT-fakultetet.

Dette viser seg i antal studiepoeng dei gjennomfører kvart år. Gjennomsnitteleg studiepoeng for studentane på masterprogrammet per år var i 2016 på heile 51,01 poeng (for 2015 på 52,27) (statistikk henta frå DBH: Studiepoeng per student/Semester: Gjennomsnitt. Snitt heile året)

For bachelorstudentane var gjennomsnitt studiepoeng for 2016 på 44,5 på bachelornivå (for 2015; på 47,14). Antal studiepoeng har dermed gått litt ned for 2016 samanlikna med 2015.

Studiepoengproduksjon						
	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Bachelor	45,41	45,07	46,7	47,35	47,14	44,5
Master	51,79	43,32	47,53	51,84	52,27	51,01

Gjennomføring av mastergrader ved Institutt for geofag er vist med indikatoren Fullførte studieprogrammer frå DBH/NSD var på 65 kandidatar i 2016, mot 66 året før. For fullførte bachelorgrader var det ein liten nedgang frå 2015 (42), til 39 BSc grader i 2016.

Oversikt over fullførte studentar per år (henta frå Database for statistikk frå høgre utdanning).

Fullførte bachelor fordelt på år og studieprogram	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Geofag: geologi, geofysikk og geografi – GGG	12	24	23	47	36	42	39
Fysikk, Astronomi og Meteorologi – FAM (alle)	30	20	25	34	33	38	38

Fullførte mastergrader fordelt på år og studieretning	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Geofysikk (GEF)	2	3	1	3	4	8	6
Geologi (GEL)	4	10	11	12	19	12	26
Miljøgeologi og naturkatastrofer (MGN)	5	10	8	7	10	10	3
Naturgeografi, hydrologi og geomatikk (NHG)	10	12	3	8	9	12	6
Petroleumsgeologi og petroleumsgeologi (PET)	4	11	15	12	8	12	14
Meteorologi og oseanografi (MOS)	10	13	5	3	4	6	4
Fullførte mastergrader² sjå fotnote!	35	59	43	45	54	66	65

Frå våren 2014 har vi annonsert alle MSc eksamenar med tid, sensor/vegleiar, og oppgåvetittel etc. på, URL: <http://www.mn.uio.no/geo/studier/aktuelt/arrangementer/masterpresentasjoner/>

Gjennomsnittskarakter for nokre utvalte emner

I bachelorprogrammet er det to geofaglege emner som alle våre bachelorstudentar må ta det 1 året av studiet, desse to er **GEO1010 – Naturgeografi** og **GEO1020 – Geologiske prosesser og materialer**. For 2016 var gjennomføringa av emna og karakterfordelinga fordelt slik:

² Antall mastergrader er henta frå DBH, som tar statistikk frå Felles studentsystem (FS) på kun eit gitt tidspunkt. Oversikt grader pr studieretning er og henta frå FS, men desse tala kan variere med kolonnesum frå DBH sidan denne statistikken vert oppdatert løpande gjennom året.

GEO1010 – Naturgeografi (haust 2016); I alt 59 studentar som starta på studiet hausten 2016 gjekk opp til eksamen og i alt 51 av desse stod, 6 fekk ikkje bestått og 2 møtte ikkje. Karakterfordelinga var; A (5 %), B (12 %), C (33 %), D (18 %), E (21 %) og F (11 %). To tok konteeksamen, ein stod og ein fekk ikkje bestått.

GEO1020 – Geologiske prosesser og materialer (vår 2016); Totalt 68 studentar som starta på studiet hausten 2015 tok eksamen, og av desse stod 58, det var to stryk, 3 som gjekk frå eksamen og fire som ikkje møtte, samt ein sjukemelding. Karakterfordelinga i prosent var; A (3 %), B (16 %), C (48 %), D (22 %), E (3 %), og F (8 %). I alt 5 studentar tok konteeksamen, 4 bestod og ein som ikkje møtte.

I masterprogrammet skrives det masteroppgåver; ei lang masteroppgåve (GEO5960) på 60 SP, alternativt ei kort oppgåve (GEO5930) på 30 SP. Karaktersettinga på masteroppgåver for 2016 vises under, desse tala er henta frå Database for statistikk for høgere utdanning (DBH):

MSc oppgaver 2016, karakterfordeling (%)	A	B	C	D	E	F
GEO5930 Kort oppgave (30 SP) og munt. eks.	33,3	50	16,67	-	-	-
GEO5960 Lang oppgave (60 SP) og munt. eks.	21,82	36,36	27,27	10,91	1,82	1,82
Sum	23,88	38,81	25,37	8,96	1,49	1,49

Studiekvalitet målt i det nasjonale Studiebarometeret

Hausten 2016 vart det gjort som vanleg ei nasjonal studentevaluering i regi av NOKUT - Studiebarometeret³. I denne undersøkelsen svarar studentanes på deirans oppfatningar av studiekvalitet. Resultata frå evalueringa ligg på nett og er eit verktøy for potensielle studentar, noverande studentar og institusjonane sjølv.

Institutt for geofag sine to studieprogram fekk gode evalueringresultat i einskildspørsmål, og ein liten oppgang på studentanes heilheitsvurdering. For **Geofag: geologi, geofysikk og geografi** (BSc) fekk vi 3.8 på heilheitsvurdering (det same som i 2015), og ein oppgang frå 3.9 til 4.1 for Geosciences (MSc). **FAM** programmet oppnådde karakteren 4.5 på heilheitsvurdering. Beste karakter er 5. Heilheitsvurdering er eit enkelt spørsmål i undersøkinga, mens det faglege og andre forhold ved studia ligg som spørsmål i andre kategoriar. For hovudindikatorane for bachelorprogrammet i geofag ligg vi nokolunde likt med resultata frå evalueringa for 2015, men med ein liten nedgang på indikatorane Undervisning (ned 0,5 poeng); Læringsutbytte (ned 0,3 poeng), og Yrkesrelevans (ned 0,4 poeng). På nokre indikatorar har vi gått litt opp. Likeins var det for masterprogrammet i **Geosciences**, der også resultat på hovudindikatorane er nokolunde likt med 2015. Vi viser til nettsidene til Studiebarometeret.no for alle score og for å samanlikna historiske tal.

³ I NOKUT evalueringa svarar 2-årsstudentar på bachelor og siste årsstudentar på master. Undersøkinga vert gjort årleg i okt/nov, og resultata føreligg februar året etter på www.studiebarometeret.no

Det har etter at vi fekk resultatet frå Studiebarometeret vorte halde eit møte med studentane i fagutvalet for å diskutere korleis vi kan forbetra oss. Evalueringa har også blitt presentert for ansatte på eit allmøte. Vi tek med oss evalueringa i det vidare arbeidet med studiekvalitet. Det er forbettringspotensiale, då vi ligg lavt på score i evalueringa i forhold til andre program ved fakultetet.

Program	Master Geoscience				Bachelor; Geofag			
	2016	2015	2014	2013	2016	2015	2014	2013
Svar %	30	35	36	38	45	55	33	28
antall svar	20	21	22	17	20	29	20	15
Læringsmiljø	3,5	3,7	3,6	3,7	3,6	3,8	3,8	3,8
Medvirkning	3,1	3,1	3,1	3,2	3,0	2,9	2,8	2,6
Engasjement/evne til inspirere	3,9	4,2	3,9	4	3,7	3,9	3,8	3,9
Yrkesrelevans	3,6	4,1	4,1	4,1	3,7	4,3	4,1	4,3
Undervisning og veiledning	3,5	3,6	3,6	3,6	3,0	3,5	3,1	3,0
Eksamen	3,7	3,8	3,9		3,7	3,8	3,6	-
Læringsutbytte	3,7	3,9	3,8	4	3,3	3,6	3,4	3,6
Alt-i-alt-vurdering	4,1	3,9	3,8	4	3,8	3,8	3,6	4,2
Det studieprogrammet jeg helst vil	4,4	3,9	4,3	4,4	4,7	4,3	4,3	4,5
Eget engasjement	3,6				3,8			
Forventninger	3,8				3,6			
Tid på studier	38,9	43,3	37,6		40,0	35,7	38,0	-

Sluttevaluering av emner som gjekk haust 2016

Studia ved Institutt for geofag er bygd opp av både obligatoriske-, valfrie- og støtteemner innan matematikk/fysikk/kjemi/statistikk. Det er færre emner på bachelor nivå, og dei fleste av emna vi tilbyr er på masternivå. Emner på master er også ofte klona til eit ph.d. emne slik at de inngår i forskarutdanninga også. Nokre få emner eksisterer kun som ph.d emner, og nokre ph.d emner er klona ned til eit masteremne. Det arbeidas jamleg med studiekvalitet på emner i porteføljen. Kvalitetssikringa skjer ved evalueringar på emnenivå og skal også skje på programnivå.

Frå og med hausten 2016 har vi systematisk samla inn sluttrapportar for emner som er undervist i semesteret. Det gjeld alle nivå, og er inklusive emner i Etter og vidareutdanningsprogrammet Geofag i skolen. I tillegg kjem emner som har blitt undervist i forskarskulen Norwegian Research School for Dynamics and Evolution of Earth and Planets (DEEP). Dei siste er tatt med for å få ein samla oversikt. Frå undrvinga våren 2016 har vi ikkje innhenta sluttrapportar systematisk. Her har kvalitetssikringa av emnene foretatt på annan måte.

I februar/mars 2017 har vi sluttrapportar for 27 av dei 36 emnene som vart undervist hausten 2016, dvs svarprosent på 75 %. Vi har tatt ut nokre hovudtrekk frå sluttrapportane:

- I mange emner har emneansvarlege ein dialog med studentane undervegs og tilpassar undervisninga for eksempel etter interessene og nivået til studentane. Nokre emneansvarlege har dermed ikkje nytta dialogmøter, sidan dei heller tar denne dialogen meir interaktivt gjennom undervisninga.
- Fleire emneansvarlege melder at dei utviklar og tilpassar undervisninga etter kvart, dvs prøver ut nye feltlokalitetar, nye oppgåver, og nye elementer inn i undervisninga, som til dømes Quiz. Andre igjen tar opp poeng frå førre undervisningstime ved start av påfølgjande undervisningstime. Slike nye tiltak ser ut til å vera godt likt.
- Det er utilsikta kollisjonar mellom undervisning i emner, som medfører at studentar må bli borte frå eit emne og dermed går glipp av undervisning. Dei kan også prioritere å ikkje koma til undervisninga pga. at dei har midtvegseksamen i eit emne dei fylgjer.
- I nokre få emner er det for lite lærar ressursar og rapporterer om at dei burde få fleire ressursar.

Vegen vidare for sluttrapportane er at dei går som orienteringssak til PUU slik at vi følger rutinen vår med at PUU skal bli førelagt sluttrapportane påfølgjande semester. Evalueringane og sjølv oppfølging av det som er påpeika i rapportane er det emneansvarlege som må halde i til neste gang emnet går. Men PUU kan koma med innspel ev trekke ut hovudlinjer.

Internasjonalisering/Utveksling

Det er fleire avtaler med utanlandske universitet for utveksling av studentar, i alt har Institutt for geofag 14 avtalar. Her inngår fleire Europeiske universitet, men det er også avtalar med to universitet i Canada. Ei fullstendig oversikt over avtalar ligg våre websider eller som vedlegg 2.

I tillegg til utveksling av studentar på eigne avtalar kan studentane reise på avtalar som er inngått av MN-fakultetet (17 avtalar). I tillegg kjem avtalen med UNIS på Svalbard.

Det er fleire ERASMUS-studentar som tek GEO-emner både på våre eigne avtalar og på avtalar inngått av MN-fakultetet. I alt var det 34 utanlandske studentar ved instituttet våren 2016 (2015; 58), ifølgje statistikk frå NSD, DBH. Hausten 2016 var det 35 utanlandske studentar, mot 40 våren 2016. Antall internasjonale studentar har gått ned, men er midt på treet når ein ser på dei andre institutt.

Årstall	2013		2014		2015		2016	
	vår	høst	vår	høst	vår	høst	vår	høst
Studentar	56	68	64	62	58	40	35	35



Nye studentar vert kvar haust tatt imot av eldre bachelor og masterstudentar i geofag. Det å få ein fadder gir ein fin studiestart for dei nye og gir dei eldre ein sjans å verta kjent med dei nye. Foto: Institutt for geofag, GK.

3. ANNA UNDERVISING VED INSTITUTTET

Geofag i skolen: Etter- og vidareutdanning (EVU)

Instituttet har eit fireårig etter- og vidareutdanningsprogram (EVU); **Geofag: Etter- og vidareutdanning for lærere - Geofag i skolen** programmet. Programmet består av 4 emner som til saman dannar ei årseining på 60 SP. Målgruppa er lærarar i vidaregåande skular, og i studieåret 2014/2015 vart det gjennomført emnet GEO2930 - Georessursar og miljø. Emnet kan tas som etterutdanning eller som vidareutdanning (15 SP på bachelornivå). Våren 2016 var det 9 som tok eksamen. Antal studentar som tar emnene som etterutdanning (15 SP) finn du under:

Studieår	2009/2010	2010/11	2011/12	2012/13	2013/14	2015/16
V. utd. 15 SP	8	7	7	11	9	9

Våre vitenskaplege tilsette står for undervisninga i programmet. I tillegg kjem eksterne fagpersonar og spesialistar. Instituttet samarbeider med Naturfagsenteret om undervisninga i geodidaktikk i programmet. Programmet har fått støtte frå Statoil gjennom ein vitenskapleg stilling i geodidaktikk i 2 år frå august 2014 til og med august 2016.

Studier/Forskarlinja (ph.d.)

Institutt for geofag har om lag 80 ph.d. studentar, anten med arbeidsplass på instituttet eller dei er ansatt i andre institusjonar og følgjer doktorgradsprogrammet ved MN-fakultetet. Felles er det at dei har ein vegleiar ved Institutt for geofag.

Stipendiatane tek emner på instituttet, og hovudsakleg dreier det seg om emner som er kлона med masteremner. Ph.d. emna har ein differanse i form av ein større byrde i krav til eksamen. Ph.d. emna gjennomgår dermed evalueringar saman med masteremnet, der det levers sluttrapport og kvalitetsevalueringa vert ivarettatt på denne måten. Forskarlinja vert administrativt ivarettatt av MN-fakultetet, og Institutt for geofag sørgjer for oppfylging av studentane etter dei rutinane som er gitt for denne linja. Tabellen under viser at vi har ein god flyt av ph.d. disputasar i forskarlinja ved Institutt for geofag.

I 2016 disputerte i alt 17 stipendiatar ved Institutt for geofag. Dette året var det også svært gledeleg at CEED, SFF senteret ved Institutt for geofag fekk sin fyrste fullførde ph.d. grad. Oversikt over ph.d. avhandlingar fordelt på fagområde/seksjonar finn du i tabellen under:

Ph.d. avhandlingar per fagområde/seksjon	2014	2015	2016
Geografi og hydrologi	3	3	6
Geologi og geofysikk	3	8	6
Geologiske prosessers fysikk (GEO - PGP)	1	-	-
Meteorologi og oseanografi	4	5	4
Jordens utvikling og dynamikk (CEED)	-	-	1
Totalt	11	16	17

Nasjonale forskarskular/Forskarlinja (ph.d.)

Instituttet fekk i 2016 ein av dei sju nye forskarskulane som vart finansiert av Norges Forskningsråd for perioden 2016-2023. Forskarskulen «vår» er **Norwegian Research School for Dynamics and Evolution of Earth and Planets (DEEP)**, der Senter for Jordens utvikling og dynamikk (CEED). Universitetet i Oslo er vertsinstitusjon. Denne skulen er lagt til CEED ved Institutt for geofag, og er i samarbeid med UiB, UiT og NTNU. Forskarskulen DEEP kom i gang i 2016, ved å ansatt ein koordinator, etablert eit styre og å få emner på plass. Denne nasjonale forskarskulen gjennomførde sitt fyrste kurs hausten 2016 som er: GEO-DEEP9100 - Planetary Physics and Global Tectonics. Fleire nye emner er no planlagt for dei kommande åra.

I tillegg deltar Institutt for geofag i tre andre forskarskular. Det er forskarskulen **CHES – Research School on Changing Climate in the Coupled Earth System**⁴, som er forankra ved Universitetet i Bergen og undervisnings skjer i regi av dei. Men vi deltar i undervisninga (hovudsakleg tilsette ved CEED og MetOs). Våre stipendiatar kan delta på undervisning i regi av denne skulen. Den andre forskarskulen vi deltek i er **NFiP – Nasjonal forskerskole i petroleumsfag**, også her er dette i samarbeid med fleire institusjonar i Norge. Vi deltar og i **ResClim - Norwegian Research School in Climate Dynamics** som partner, som er ein forskarskule som ligg ved UiB.

⁴ Sjå nettsidene til CHES for informasjon om denne forskarskulen: <http://www.uib.no/en/rs/chess>

4. KVALITETSARBEIDET VED INSTITUTT FOR GEOFAG

Kvalitetsikringsarbeidet ved instituttet er nå i ferd med å bli betre strukturert og få betre rutiner etter en periode med omlegginger av tidligare rutinar. Det har vore skifte i rutinar for kvalitetssikring med bortfall av periodisk emneevaluering, det har vore utskiftingar av ansatte, og det har vore auka press på både dei administrative og dei vitenskaplege i forbindelse med at arbeidet med InterAct er intensivert. For hausten 2016 har vi innhenta sluttevalueringar frå 27 av 36 emner, og desse tek vi med oss i arbeidet vidare med kvalitetsarbeid. Og med denne felles programrapporten for bachelor, master, forskarskular og for vårt EVU program, er vi også på plass igjen med årlege programrapportar. Arbeidet med kvalitetsikringsarbeidet og innhenting av sluttrapportar etter kvart semester bør vektleggast framover. Vi må i framtida arbeide vidare med å sikre at alle emneansvarlege er med på laget og understøtter arbeidet med systematisk kvalitetskontroll i emner.

5. UTVIKLING STUDIEKVALITET, FREMTIDEN OG MULIGE TILTAK FOR FORBEDRING AV STUDIEPROGRAMMET

I dei siste åra har det vorte arbeida mykje med revisjon av studia ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, inkludert studia ved Institutt for geofag. Alle bachelor programmer ved fakultetet har vorte revidert i større og mindre grad, og Institutt for geofag har revidert og henta inn studieretninga Meteorologi og oseanografi frå FAM-programmet i eit nytt bachelorprogram. Vår bachelor i geofag er revidert og vi har valgt å dele den i to programmer som er:

- **Geologi og geografi** (50 studieplasser); URL: www.uio.no/geologi
- **Geofysikk og klima** (30 studieplasser); URL: www.uio.no/geofysikk

Med inntog av dei nye bachelorprogramma frå 2017 tek vi ikkje opp fleire studentar på bachelorprogrammet **Geofag: geologi, geofysikk og geografi**. Dei to nye bachelorprogramma tek opp nye studentar frå hausten 2017, med søknadsfrist 15 april. Arbeidet med revisjon av studia medfører også ein gjennomgang av emner. Her er det nokre nye emner, men dei fleste er ei vidareføring av dei emna vi har. Men vi gjennomgår alle emna i og med at dei får nye kodar, dvs alle skal ha GEOXXXX prefix og vil få ny nummerering etter kva nivå dei ligg på. Emnekodane GEF/GEG/GEL utgår dermed gradvis mens dei nye kodene vert fasa inn. Emna vert også gjennomgått og kvalitetssikra på innhald og emnepresentasjonar.

Dei to nye bachelorprogramma er no nokolunde klare med innhald og presentert på nettsider over studiar, og vi jobbar no våren 2017 med å få emner i dei tre siste semestra på plass med emnepresentasjonar. Revisjonen i InterAct vil også bli gjort på masterprogrammet i geofag, dette vert det arbeida med no. Det nye masterprogrammet vil ta opp studentar frå 2017/2018. Det vert fleire studieretningar og emneporteføljen vert gått gjennom slik vi gjorde det på bachelornivået.

Våre studentar, især dei på bachelornivå, har ikkje eit eige læringsmiljø. Dei benyttar seg av lesesalar i Realfagsbiblioteket i Vilhelm Bjerknes hus. Det er dog under planlegging og arbeid etablering av eit læringsmiljø i 1 etasje i ZEB-bygningen. Studentane er tatt med i planlegginga av dette nye lokalet, som skal ha kollokvierom og fellesområde for studentane. Fagutvalet og studentforeining GÆA vil også få eit eige kontor her. Masterstudentane har eigne lesesalar så dei er ikkje så berørt av

problematikken med å ikkje ha eigne lokalar, men dei vil også kunne bruka det nye læringsmiljøet. Dei nye læringsmiljølokala vil truleg avlasta masterstudentane sin situasjon med behov for pauseareal og møteplass som dei kan bruka meir fritt.

6. REFERANSAR / LENKER / VEDLEGG

Kjelder til tal om instituttet:

- **Database for statistikk om høgre utdanning**, Norsk samfunnsvitenskapelige datatjeneste: dbh.nsd.uib.no
- **Om studier**;
 - **Samordna opptak**: www.samordnaopptak.no
 - **Studiebarometeret**: www.studiebarometeret.no

Informasjon om studier og instituttet på nett:

- **Bachelor Geofag: geologi, geofysikk og geografi**; www.uio.no/studier/program/geofag
- **Bachelor Fysikk, astronomi og meteorologi**; studieretninga *Meteorologi og oseanografi*, www.uio.no/studier/program/fam
- **Master Geosciences**: www.uio.no/english/studies/programmes/geosciences-master
- **Institutt for geofag**: www.mn.uio.no/geo/

Tidlegare årsrapportar om studiekvalitet for våre program:

- **Bachelor**: <http://www.uio.no/studier/program/geofag/studiekvalitet/>
- **Master**: <http://www.uio.no/english/studies/programmes/geosciences-master/quality-assurance/>

Vedlegg 1: Emner innen geologi, geografi og geofysikk (vår/haust inngangen til 2017)

Vedlegg 2: Utvekslingsavtaler ved Institutt for geofag

UiO Universitetet i Oslo

Emner innen geologi, geografi og geofysikk

- | | | |
|------------------------------------|--|-------------------------------------|
| <input type="checkbox"/> Alle nivå | <input type="checkbox"/> Alle semestre | <input type="checkbox"/> Alle språk |
| <input type="checkbox"/> Bachelor | <input type="checkbox"/> Våren 2017 | <input type="checkbox"/> Norsk |
| <input type="checkbox"/> Master | <input type="checkbox"/> Høsten 2017 | <input type="checkbox"/> Engelsk |
| <input type="checkbox"/> Ph.d. | | |

Viser 1–107 av 107 emner

Emne	Studiepoeng
GEF1100 - Klimasystemet	10
GEF1100L - Klimasystemet	10
GEF2200 - Atmosfærefysikk	10
GEF2210 - Regionale og globale luftforurensninger	10
GEF2610 - Fysisk oseanografi	10
GEF3450 - Geofysisk fluiddynamikk	10
GEF4220 - Predictability of Weather and Climate	10
GEF4310 - Cloud physics	10
GEF4400 - The Earth System	10
GEF4450 - Geofysisk fluiddynamikk	10
GEF4510 - Atmosphere and Oceans on Computers: Fundamentals	10
GEF4520 - Turbulence in the atmosphere and ocean	5
GEF4530 - The General Circulation of the Atmosphere	10
GEF4660 - The General Circulation of the Oceans	10
GEF9220 - Predictability of Weather and Climate	10
GEF9310 - Cloud Physics	10
GEF9400 - The Earth System	10
GEF9510 - Atmosphere and Oceans on Computers: Fundamentals	10
GEF9520 - Turbulence in the Atmosphere and Ocean	5

Emne	Studiepoeng
GEF9530 - The General Circulation of the Atmosphere	10
GEF9660 - The General Circulation of the Oceans	10
GEG2110 - Landformdannende prosesser	10
GEG2130 - Landformer i Norden	10
GEG2240 - Introduksjon til fjernanalyse	10
GEG2250 - Innføring i landmåling, fotogrammetri og romlig analyse	10
GEL2110 - Mineralogi, petrologi og geokjemi	10
GEL2120 - Sedimentologi, paleontologi og stratigrafi	10
GEL2130 - Strukturgeologi	10
GEL2140 - Geofysikk og global tektonikk	10
GEL2150 - Felt- og metodekurs i geologi og geofysikk	10
GEO-DEEP9100 - Planetary Physics and Global Tectonics	5
GEO-DEEP9200 - Deep Earth and Planetary Mineralogy and Dynamics	5
GEO-DEEP9300 - Lithosphere and Asthenosphere: Composition and Evolution	5
GEO1030 - Vind, strøm og klima	10
GEO1100 - Jordens utvikling	10
GEO2010 - Overflatehydrologi	10
GEO3010 - Felt- og metodekurs i geologi og geofysikk	10
GEO3020 - Soil- and groundwater	10
GEO3100 - Environmental Geology	10
GEO3340 - Prosjektoppgave i naturgeografi, geomatikk og hydrologi	10
GEO3710 - Livets utvikling	10
GEO4011 - Field course in geosciences	5
GEO4012 - Literature study in geosciences	5
GEO4013 - Field excursion in Physical Geography and Hydrology	5
GEO4060 - Fortran 2003 programming	5
GEO4120 - Near-Surface Geophysics	10
GEO4131 - Geomechanics	10

Emne	Studiepoeng
GEO4140 - Environmental stratigraphy	10
GEO4151 - Earthquake and Volcanic Processes	10
GEO4161 - Contaminants in the geoenvironment	10
GEO4171 - Floods and landslides	10
GEO4181 - Introduction to Natural Hazards	10
GEO4211 - Petroleum systems	10
GEO4220 - Depositional environments and biostratigraphy	10
GEO4230 - Basin formation and sequence stratigraphy	10
GEO4240 - Seismic interpretation	10
GEO4250 - Reservoir geology	10
GEO4260 - Reservoir geophysics	10
GEO4270 - Integrated basin analysis and prospect evaluation	10
GEO4280 - Seismic signal processing	10
GEO4310 - Stochastic methods in hydrology	10
GEO4320 - Hydrological modelling	10
GEO4340 - Fluvial hydrology	10
GEO4360 - Field methods in hydrogeology	5
GEO4410 - Glacial and periglacial geomorphology	10
GEO4420 - Glaciology	10
GEO4430 - Snow, Snow Hydrology and Avalanches	10
GEO4520 - Advanced remote sensing and topographic analysis	10
GEO4530 - Geodesy and photogrammetry	10
GEO4620 - Seismic waves and seismology	10
GEO4630 - Geodynamics	10
GEO4720 - General micropaleontology	10
GEO4730 - Palaeozoology I	10
GEO4810 - Optical mineralogy	10
GEO4820 - Isotope geology	10

Emne	Studiepoeng
GEO4840 - Tectonics	10
GEO4850 - Advanced structural geology	10
GEO4860 - Advanced petrology	10
GEO5550 - Seminar on remote sensing and numerical terrain analysis	5
GEO5900 - Chemical processes in soil and ground water	10
GEO5911 - CO2 storage - Physical and chemical processes	5
GEO5912 - Geological Storage of CO2 – Introduction and Geological Constraints	8
GEO5930 - Masteroppgave i geofag 30 sp	30
GEO5960 - Masteroppgave i geofag 60 sp	60
GEO9151 - Earthquake and Volcanic Processes	10
GEO9200 - Basin analysis – principles and applications	10
GEO9220 - Depositional Environments and Stratigraphy	10
GEO9260 - Reservoir geophysics	10
GEO9270 - Integrated Basin Analysis and Prospect Evaluation	10
GEO9280 - Seismic signal processing	10
GEO9320 - Hydrological modelling	10
GEO9420 - Glaciology	10
GEO9430 - Snow, Snow Hydrology and Avalanches	10
GEO9440 - Cryospheric modelling	5
GEO9520 - Remote Sensing and Image Analysis	10
GEO9530 - Geodesy and Photogrametry	10
GEO9550 - Seminar on remote sensing and numerical terrain analysis	5
GEO9620 - Seismic Waves and Seismology	10
GEO9630 - Geodynamics	10
GEO9820 - Isotope geology	10
GEO9840 - Tectonics	10
GEO9850 - Advanced Structural Geology	10
GEO9860 - Advanced Petrology	10

Emne	Studiepoeng
GEO9900 - Chemical processes in soil and ground water	10
GEO9911 - CO2 storage - Physical and chemical processes	5
GEO9912 - Geological Storage of CO2 – Introduction and Geological Constraints	8
MNSES9100 - Science, ethics and society	5
Nedlagte emner	

UiO **Universitetet i Oslo**

Uttekslingsavtaler ved Institutt for geofag

- | | | |
|------------------------------------|--|---|
| <input type="checkbox"/> Alle nivå | <input type="checkbox"/> Alle finansieringer | <input type="checkbox"/> Alle avtaletyper |
| <input type="checkbox"/> Bachelor | <input type="checkbox"/> Uten skolepenger | <input type="checkbox"/> Erasmus+ |
| <input type="checkbox"/> Master | <input type="checkbox"/> Med skolepenger | <input type="checkbox"/> Andre avtaler |
| <input type="checkbox"/> Ph.d. | | |

Viser 1–14 av 14 avtaler

Uttekslingsavtale mellom	Land	Nivå
Carleton University og Institutt for geofag	Canada	Bachelor, Master og Ph.d.
University of Ottawa og Institutt for geofag	Canada	Bachelor, Master og Ph.d.
Aarhus Universitet og Institutt for geofag	Danmark	Bachelor og Master
École Normale Supérieure - Paris og Institutt for geofag	Frankrike	Master
Université de Strasbourg og Institutt for geofag	Frankrike	Bachelor og Master
Hokkaido University og Institutt for geofag	Japan	Master og Ph.d.
Wageningen Universiteit og Institutt for geofag	Nederland	Bachelor
Universitatea din Bucuresti og Institutt for geofag	Romania	Master
University of Birmingham og Institutt for geofag	Storbritannia	Bachelor
University of Bristol og Institutt for geofag	Storbritannia	Bachelor og Master
Université de Fribourg og Institutt for geofag	Sveits	Bachelor og Master
Albert-Ludwigs-Universität Freiburg im Breisgau og Institutt for geofag	Tyskland	Bachelor
Christian-Albrechts-Universität zu Kiel og Institutt for geofag	Tyskland	Bachelor
Universität Potsdam og Institutt for geofag	Tyskland	Bachelor og Master

Institutt for geofag, UiO

Tlf.: 22 85 66 56
Faks: 22 85 42 15
Web: www.geo.uio.no
E-post: geosciences@geo.uio.no

Postadresse:
Institutt for geofag, Postboks 1047 Blindern, 0316 Oslo

Besøksadresse:
Geologibygningen, Sem Sælands vei 1, Blindern, 0371 Oslo

www.geo.uio.no